

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	03.03.2024
Vår referanse	2024/1759-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til søknad om redusert minste slukeevne i Øyrabekken kraftverk i Ullensvang kommune

Fylkeskommunen har ansvaret for forvaltning av haustbare, ikkje trua bestandar av innlandsfisk og vi er vassregionmynde etter vassforskrifta.

Redusert minste driftsvassføring i kraftverket frå 100 l/s til 25 l/s vil auke tida det berre går minstevassføring i elva. I søknaden blir det vist til at tal døgn med avrenning mindre enn minste slukeevne pluss minstevassføring, vil bli redusert frå 180 til 126 døgn for eit tørt år, frå 162 til 92 døgn for eit middels år, og frå 64 til 17 døgn for eit vått år. Dette kan føre til reduserte tilhøve for fisk og andre ferskvassorganismar.

I regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022 - 2027 er det fastsett miljømål som viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. Det generelle miljømålet er minimum god miljøtilstand for vassførekomstane med mindre det er gitt unntak. Oversikt over alle miljømål og tiltak for å nå miljømåla for den enkelte vassførekomst ligg i databasen vann-nett.no. Utbygginga omfattar vassførekomst « 046-35-R Øyrabekken nedstrøms inntak Øyrabekken kraftverk», som har god tilstand etter vassforskrifta. Vi kan ikkje utelukka at tilstanden blir redusert som følge av fleire dagar med minstevassføring. Det må gjerast ei vurdering av det før slukeevna eventuelt blir redusert.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonssjef
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjoflot
rådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

Postadresse	Telefon	E-post	Heimeside	EHF-Fakturaadr.	Organisasjonsnr.
Postboks 7900 5020 Bergen	05557	post@vlfk.no	www.vestlandfylke.no	821311632	821 311 632

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
ULLENSVANG KOMMUNE

Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Opheimsgata 31	5750	ODDA